



- **Kva skjer på dette bildet?**

Vi veit ikkje om dette er to som kranglar om sykkelen, eller om den eine prøver å ta frå den andre sykkelen. Dersom dei kranglar om sykkelen er det konflikt.



- **Kva følelsar har barna?**

Hjelp barna å legge merke kva følelsar barna kan ha. Er dei litt sinte? Litt redde?

- **Kva treng barna no?**

Klarer dei å bli einige skal tru? Korleis kan dei få til det? Treng dei hjelp frå ein vaksen eller kan dei finne ut av det sjølv?

- **Kva er konflikt og kvifor skjer det?**

Når to eller fleire barn kranglar om noko, er det ofte fordi barna har lyst til det same, men det er ikkje nok til alle. Her er det berre ein sykkel, men to som vil sykle på den.

Kom på andre ting barn kan krangle om eller kome i konflikt om.

Når vi har lyst til noko vi ikkje kan få, kan det bli konflikt.

- **Konfliktløysing:**

Når vi skal løyse konflikt er det lurt å:

1. Finne ut kva ein sjølv vil og sei det med ord
2. Finne ut kva den andre vil, og høyre den sei det med ord
3. Vise at vi forstår det den andre vil, sjølv om det ikkje passer med det vi vil
4. Prøve å finne måtar å gjere det på som gjer at alle får viljen sin litt